

# Eksamen

24. november 2016

AMB2002

Ambulansemedisin

**Programområde:** Ambulansefag

# Nynorsk

<b>Eksamensinformasjon</b>	
<b>Eksamenstid</b>	4 timer.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
<b>Bruk av kjelder</b>	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Låg kompetanse:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kan skildre korleis ein vil løyse caseoppgåva, men i liten grad grunngi kvifor</li><li>• Trekkjer i ein viss grad inn aktuelle fagområder</li><li>• Viser i ein viss grad kompetanse i dei relevante kompetansemåla</li><li>• Oppgir kjelder ved avskrift, kopiering, klipp og lim</li><li>• Bruker i ein viss grad korrekt fagterminologi</li><li>• Har ei viss form for struktur i eksamenssvaret</li></ul> <p>God kompetanse:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kan skildre korleis ein vil løyse caseoppgåva og grunngi kvifor</li><li>• Trekkjer inn aktuelle fagområder i grunngivinga</li><li>• Viser innsikt og fagleg forståing</li><li>• Viser god kompetanse i dei relevante kompetansemåla</li><li>• Bruker korrekt fagterminologi</li><li>• Oppgir kjelder ved avskrift, kopiering, klipp og lim</li><li>• Har god struktur i eksamenssvaret</li></ul> <p>Høg kompetanse:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kan skildre korleis ein vil løyse caseoppgåva på ein god og utfyllande måte og grunngir svara godt og utfyllande</li><li>• Trekkjer inn og drøftar aktuelle fagområder i grunngjevinga</li><li>• Viser mykje god kompetanse i dei relevante kompetansemåla</li><li>• Oppgir kjelder ved avskrift, kopiering, klipp og lim</li><li>• Bruker korrekt fagterminologi konsekvent</li><li>• Ser heilskapen mellom teori og praksis</li><li>• Viser god evne til refleksjon</li><li>• Byggjer opp eksamenssvaret på ein svært strukturert og oversiktleg måte</li></ul>
<b>Andre opplysningar</b>	Du skal svare på både case 1 og case 2. Relevante kompetansemål er oppgitt på side 5. Ved bruk av PC bruk skriftstørrelse 12.

Du er lærling på andre året, og på vakt som ledsagar på ambulansen. Din kollega og rettleiar er ambulansarbeidar med utsjekk for å gi medikament.

## Case 1

Melding: Køyrekode 1/raud respons.  
Gut (ca 2 år), pågåande kramper, foreldrene får ikkje kontakt med han.  
Klokka er 18:26.

Adresse: Storgata 14

Ankomst: De vert møtt av faren som seier at barnet er på sofaen i stova med mor si. Han har vore forkjøla i eit par dagar, og har fått paracetamol supp for feber då han kom heim frå barnehagen. Han sat på fanget til mora og såg på barne-tv då han først vart slapp og så fekk kramper.

Funn:

Bevisstheit: Ikkje våken, pågåande kramper/sittringar  
Respirasjon: Langsom  
Sirkulasjon: Rask puls, god fylde - regelmessig  
Hud: Varm og bleik i ansiktet, blå rundt nasebor og fingrar

Vitalia:

Respirasjon: Frekvens 14, SpO2 96 %  
Puls ca: 140 pr minutt  
Blodtrykk: 105/70  
Blodsukker: 5,8 mmol/l  
Temperatur: 38,6 grader  
Sjukdommer: Tidlegare frisk

## Oppgåver:

- a) Forklar og begrunn alle undersøkingar, vurderingar og tiltak.
- b) Begrunn korleis du vil observere og leire pasienten i ambulansen.

På side 5 ser du relevante kompetansemål i ambulansemedisin for begge casane. Bruk dei kompetansemåla som du meiner er relevante for denne casen.

## Case 2

Melding: Køyrekode 1/raud respons.  
Kvinne (78 år), sklidd på isen, smerte ve ben, innringar angir feilstilling

Adresse: Krysset Storgata / Parkvegen.

Ankomst: De vert møtt av ein forbipasserande som kan fortelje at pasienten sklei på isen for ca. 15 minuttar sidan. Ho er vaken, ikkje klar og orientert, angir smerter i ve ben. Tydeleg feilstilling ve ankel.

Funn:

Bevisstheit: Vaken, desorientert og redd  
Respirasjon: Rask  
Sirkulasjon: Rask puls, noko uregelmessig  
Hud: Normal farge og temperatur.

Vitalia:

Respirasjon: Frekvens 23, SpO2 95 %  
Puls ca: 95 pr minutt  
Blodtrykk: 175/90

Sjukdomar: Ukjent

Andre faktorar:

Ute, februar mnd, temperatur ca -5 grader.

## Oppgåver:

- a) Forklar og grunngi alle undersøkingar, vurderingar og tiltak.
- b) Grunngi kvifor dette er ein raud respons, akutt oppdrag.

På side 5 ser du relevante kompetansemål i ambulansemedisin for begge casane. Bruk dei kompetansemåla som du meiner er relevante for denne casen.

## Relevante kompetansemål i ambulansemedisin for begge casane:

- Gjøre rede for undersøkelsesmetodikk, pasienthåndtering og -overvåking og ivareta pasientens vitale livsfunksjoner
  - Gjøre rede for tegn og symptomer på akutte sykdomstilstander, skader og forgiftninger, forklare utvikling i kroppen som kan true vitale livsfunksjoner, og demonstrere prehospita l håndtering
  - Beskrive særlige hensyn som må ivaretas ved akutt sykdom og skade hos eldre, gjøre rede for prehospita l håndtering av eldre med akutte sykdomstilstander og akutte skader
  - Gjøre rede for tegn og symptomer på akutte skader, forklare utvikling i kroppen som kan true vitale livsfunksjoner og demonstrere prehospita l håndtering
  - Gjøre rede for tegn og symptomer på akutte psykiatriske tilstander og demonstrere prehospita l håndtering
  - Gjøre rede for prehospita l håndtering av bevisstløse og livløse pasienter, forklare utvikling i kroppen som kan true vitale funksjoner og demonstrere prehospita l håndtering
-

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Lav kompetanse:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kan beskrive hvordan man vil løse caseoppgaven, men i liten grad begrunne hvorfor</li><li>• Trekker i en viss grad inn aktuelle fagområder</li><li>• Viser i en viss grad kompetanse i de relevante kompetansemålene</li><li>• Oppgir kilder ved avskrift, kopiering, klipping og liming</li><li>• Anvender i en viss grad korrekt fagterminologi</li><li>• Har en viss form for struktur i besvarelsen</li></ul> <p>God kompetanse:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kan beskrive hvordan man vil løse caseoppgaven og begrunne hvorfor</li><li>• Trekker inn aktuelle fagområder i begrunnelsen</li><li>• Viser innsikt og faglig forståelse</li><li>• Viser god kompetanse i de relevante kompetansemålene</li><li>• Anvender korrekt fagterminologi</li><li>• Oppgir kilder ved avskrift, kopiering, klipping og liming</li><li>• Har god struktur i besvarelsen</li></ul> <p>Høy kompetanse:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kan beskrive hvordan man vil løse caseoppgaven på en god og utfyllende måte og gir gode og utfyllende begrunnelser</li><li>• Trekker inn og drøfter aktuelle fagområder i begrunnelsen</li><li>• Viser meget god kompetanse i de relevante kompetansemålene</li><li>• Oppgir kilder ved avskrift, kopiering, klipping og liming</li><li>• Anvender korrekt fagterminologi konsekvent</li><li>• Ser heleheten mellom teori og praksis</li><li>• Viser god evne til refleksjon</li><li>• Bygger opp besvarelsen på en meget strukturert og oversiktlig måte</li></ul>
<b>Andre opplysninger</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Begge casene/oppgavene <b>skal</b> besvares.</li><li>- Relevante kompetansemål er oppgitt på side 9.</li><li>- Ved bruk av PC benyttes skriftstørrelse 12.</li></ul>

Du er andreårs lærling og på vakt som ledsager på ambulansen. Din kollega og veileder er ambulansesarbeider med utsjekk for å gi medikamenter.

### Case 1

Melding: Kjørekode 1/rød respons.  
Gutt (ca 2 år), pågående kramper, foreldrene får ikke kontakt med han.  
Klokken er 18:26.

Adresse: Storgaten 14.

Ankomst: Dere blir møtt av faren som sier at barnet er på sofaen i stuen med med mor. Han har vært forkjølt i ett par dager og har ved hjemkomst fra barnehagen fått paracetamol supp for feber. Han satt på sin mors fang og så på barne-tv, da han først vart slapp og så fikk kramper.

Funn:

Bevissthet: Ikke våken, pågående kramper/sittringer  
Respirasjon: Langsom  
Sirkulasjon: Rask puls, god fylde - regelmessig  
Hud: Varm og blek i ansiktet, blå rundt nesebor og fingrer

Vitalia:

Respirasjon: Frekvens 14, SpO2 96 %  
Puls ca: 140 pr minutt  
Blodtrykk: 105/70  
Blodsukker: 5,8 mmol/l  
Temperatur: 38,6 grader  
Sykdommer: Tidligere frisk

### Oppgaver:

- a) Forklar og begrunn alle undersøkelser, vurderinger og tiltak.
- b) Begrunn hvordan vil du observere og leire pasienten i ambulansen.

På side ni ser du relevante kompetansemål i ambulansemedisin for begge casene. Bruk kompetansemålene som du finner relevant for denne casen.

## Case 2

Melding: Kjørekode 1/rød respons.  
Kvinne (78 år), sklidd på isen, smerte ve ben, innringer angir feilstilling.

Adresse: Krysset Storgaten / Parkveien.

Ankomst: Dere blir møtt av en forbipasserende som kan fortelle at pasienten skled på isen for ca. 15 minutter siden. Hun er våken, ikke klar og orientert, angir smerter i ve ben. Tydelig feilstilling ve ankel.

Funn:

Bevissthet: Våken, desorientert og redd  
Respirasjon: Rask  
Sirkulasjon: Rask puls, noe uregelmessig  
Hud: Normal farge og temperatur

Vitalia:

Respirasjon: Frekvens 23, SpO2 95 %  
Puls ca: 95 pr minutt  
Blodtrykk: 175/90

Sykdommer: Ukjent

Andre faktorer:

Ute, februar mnd, temperatur ca -5 grader.

## Oppgaver:

- a) Forklar og begrunn alle undersøkelser, vurderinger og tiltak.
- b) Begrunn hvorfor dette er en rød respons, akutt oppdrag.

På side 9 ser du relevante kompetansemål i ambulansemedisin for begge casene. Bruk kompetansemålene som du finner relevant for denne casen.



### **Relevante kompetansemål i ambulansemedisin for begge casene:**

- Gjøre rede for undersøkelsesmetodikk, pasienthåndtering og -overvåking og ivareta pasientens vitale livsfunksjoner
- Gjøre rede for tegn og symptomer på akutte sykdomstilstander, skader og forgiftninger, forklare utvikling i kroppen som kan true vitale livsfunksjoner, og demonstrere prehospital håndtering
- Beskrive særlige hensyn som må ivaretas ved akutt sykdom og skade hos eldre, gjøre rede for prehospital håndtering av eldre med akutte sykdomstilstander og akutte skader
- Gjøre rede for tegn og symptomer på akutte skader, forklare utvikling i kroppen som kan true vitale livsfunksjoner og demonstrere prehospital håndtering
- Gjøre rede for tegn og symptomer på akutte psykiatriske tilstander og demonstrere prehospital håndtering
- Gjøre rede for prehospital håndtering av bevisstløse og livløse pasienter, forklare utvikling i kroppen som kan true vitale funksjoner og demonstrere prehospital håndtering

